

UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Arkivkode:

Saksnr.: 2017/13485

Fakultetsstyresak: **97**

Møte: 15. desember 2017

STUDIEPLANENDRINGAR FOR STUDIEÅRET 2018/2019 – SMÅ OG STORE STUDIEPLANENDRINGAR

Fakultetsadministrasjonen har, 31. august 2017, sendt brev til alle institutt med informasjon om den årlege fristen for studieplanendringar og saksgang. Ved fakultetet har vi to fristar for studieplanendringar. Hovudfristen 1. oktober er dato for handsaming av store endringsforslag (til dømes oppretting og nedlegging av emne og studieprogram) som skal gjelde frå påfølgjande studieår.

Forslag til små endringar og justeringar av dei faglege skildringane av undervisingstilbodet, kan meldast inn både 1. oktober og 1. mars. Små endringar kan gjelde frå påfølgjande semester. Saksdokumenta til studiestyresaka (vedlegg som lenke) om studieplanendringar er delt inn i del A og del B. Alle brev med forslag til endringar frå institutt ligg som vedlegg.

Del A gjeld alle studieplanendringar som kan handsamast og vedtas av fakultetet.
Del B gjeld oppretting/nedlegging av studieprogram.

Del A Små og store studieplanendringar

Av store studieplanendringar som kan ferdigstillast og vedtas på fakultetsnivå er det i hovudsak meldt inn:

- Nedlegging av studieretningar på masterprogram.
- Endringar i studieprogram, som endring i samansetting av emne og tilrådd rekkefølge på emne i spesialisering.
- Oppretting og nedlegging av emne.

Nokre hovudpunkt blant forslaga til studieplanendringar

- **Geofysisk institutt** endrar namn på studieretninga Kjemisk oseanografi til «Marin biogeokjemi» / «Marine biogeochemistry» under [Masterprogram i meteorologi og oseanografi](#). Vidare går [Masterprogrammet i energi](#) frå 20 til 5 temagrupper. Dette gjer at det ikkje lenger er naudsynt med to studieretningar. Studieretningane [Energiteknologi](#) og [Fornybar energi](#) vert foreslått lagt ned. Dette vil forenkle opptaksprosessen og sikre betre søkjarinformasjon. Instituttet har også tilrådd oppdatert studieplan for studieretningane [klimadynamikk](#) og [meteorologi](#) har blitt oppdatert gjeldande frå hausten 2018.
- **Institutt for fysikk og teknologi** foreslår namneendring på studieretninga sikkerheitsteknologi innanfor Masterprogram i prosessteknologi. Nytt namn er «Prosess- og sikkerheitsteknologi».
- **Institutt for geovitskap** tilrår at studieretningane på masterprogram i geovitskap vert lagt ned. Masterprogrammet har per i dag [5 studieretningar](#). Søkjaralternativ for potensielle masterstudentar blir dermed Masterprogram i geovitskap og ikkje til dei einskilde studieretningane.

- **Institutt for informatikk** tilrår å legge ned det eine av to innføringsemne i programmering [INF109 Dataprogrammering for naturvitenskap](#). [INF100 Grunnkurs i programmering](#) vil fokusere på programmeringsspråket Python. Undervisninga vert truleg minst duplisert då fleire studentar må ta dette emne. INF100 vil også bli undervist kvart semester.
- **Matematisk institutt** tilrår at studieretninga skuleretta matematikk under Masterprogram i matematikk vert lagt ned.

DEL B Nedlegging av studieprogram

Institutt for biologi tilrår nedlegging av bachelorprogram i miljø- og ressursfag. Fakultetsstyret tilrådde nedlegging på fakultetsstyre 08. november 2017 sak 77. Universitetsstyret vedtok nedlegging av bachelorprogrammet 30. november 2017 jf. sak [S 143/17](#).

Oppretting av studieprogram

Det vart ikkje foreslått oppretting av studieprogram for studieåret 2018/2019.

Dekanens kommentarer

Fakultetsstyre sluttar seg til Studiestyret sitt vedtak om å godkjenne dei endringar i studieplanane som institutta har fremja. Dette inkluderer også merknadar som kom fram i Studiestyret sitt møte 01. november og sekretærein sine kommentarar. Det føreset at alle forslag til nye emne og studieprogram vert gjennomført innan dagens budsjettamme.

VEDTAK

Fakultetsstyre sluttar seg til Studiestyret sitt vedtak om å godkjenne dei endringar i studieplanane som institutta har fremja. Dette inkluderer også merknadar som kom fram i Studiestyret sitt møte 01. november og sekretærein sine kommentarar. Det føreset at alle forslag til nye emne og studieprogram vert gjennomført innan dagens budsjettamme.

06.11.2017/STB/KRKA

Helge K. Dahle
dekan

Vedlegg

1. Full versjon av saksforelegg til studiestyresaka 17/9: https://wiki.uib.no/matnat/images/1/14/Sak17-9_-_store_studieplanendringer_18-19.pdf
2. Oversending frå alle institutt inkludert Lærarutdanningsutvalet til Studiestyresaka 17/9 finst på wikisida: https://wikihost.uib.no/matnat/index.php/M%C3%98TE_1._NOVEMBER_2017